



Kari og Gjert hadde garden rundt førre århundreskifte

Når eit tun vert restaurert med så stor pietet som det no skjer på Neset er det alltid facinerade å gå litt tettare inn i saga. Om denne garden les vi i saga at Olav Haraldsson som var gift med Margrete Nilsdotter Skorpo i 1804 fekk feste av bror sin Gjert på plassen Neset. Men dei var ikkje dei 2 fyrste på dette bruket. Jon Hanssson og Sigrid Tørresdotter Eik feste plass der i 1770, det året dei gifta seg. Allereie då var det stove, løe, stabbur og naust på garden og dei fødde 2 kyr, stut og 3 sauer. Begge døydde i 1800 og plassen låg unytta til Olav bygsla han til broren. Olav og Margrete hadde 10 born!

Sonen Harald fekk bygsel på Neset av broren Bjørne i 1835. Han hadde fått skøyte på farsgarden 5 år før. Hitorikarane veit ikkje kven kona til Harald var, men han vart enkjemann tidleg og då broren døydde gifta han seg med enkja og vart brukar på farsgarden. Då Sella Bjørnesdotter og Samson Stuland fekk garden rundt 1865 flytte Harald til Neset att. Då hadde dei 3 kyr og 8 sauer

Gjert Jonsson Kjerland fekk skøyte på Neset i 1889. Han var gift med Kari Haraldsdotter og dei fekk 6 born. I 1922 fekk Margrete Torsdotter skøyte. Ho var gift med Harald Johan Gjertsson og dei hadde 5 born. Gjert var ein av dei. Han overtok Neset og så er vi nesten inne i det ein kan kalla nyare tid.

Kva kan garden karakteriserast som? Det er vel ein vanleg Vestlandsgard som har gjeve livsgrunnlag for mange. No skal han leva vidare i ei ny tid og med eit anna grunnlag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen